



Fredrik Rieber-Mohn Arnesen
Hodnesdalsvegen 50
5915 Hjelmås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/8186 - 23/83417

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
06.11.2023

Vedkomande etablering av parkeringsplass - gbnr 195/4 Leiknes

Vi syner til Dykkar søknad om utviding av parkeringsareal.



Det går fram av innsendte søknad at ein ynskjer å etablere eit tilleggsareal til parkering for mellomanna hestehengar og andre større køyretøy knytt til drifta.

Søknadsplikt etter plan- og bygningslova

Det går fram at det skal etablerast eit parkeringsareal på om lag 135 m² med plassering som syna med rødt i bilete. I SAK10 § 4-1 er det lista opp de tiltaka som er unnateke søknadsplikt. Vi syner her til underpunkt 10 «*intern veg på tomt og biloppstillingsplasser for tomtens bruk som ikkje krever vesentlig terrenginngrep. Unntaket omfattar også anlegg av oppstillingsplass for landbruksmaskiner til bruk på landbrukseiendom. Avstand til nabogrense må være minst 1,0 m*».

Saka har vore til uttale hos avdeling for landbruk her i kommune, for avklaring av om det er drift på garden. Det er gitt slik uttale:

«*Dei driv med hest og held på å byggje opp ei verksemd. Bø og beiteog likeeins driftsbygning. Me meiner at garden må sjåast på som i drift, og at de då ikkje treng omdisponering etter jordlova for å laga oppstillingsplass for maskinar og reiskap. Nødvendige*

tiltak for drifta vert rekna som jordbruksproduksjon og treng difor ikkje omdisponering. I tillegg ligg det tett ved driftsbygning og kan vera fornuftig å ha plass til maskiner og liknande her.»

På bakgrunn av uttale i frå landbruk legg vi til grunn at tiltaket er i samsvar med føremålet landbruk, slik at det ikkje er naudsynt å søkje dispensasjon frå dette. Vidare har landbruk konkludert at det ikkje er naudsynt å søkje om omdisponering etter jordlova.

Når det gjeld søknadsplikt etter plan- og bygningslova er vår vurdering at terrenginngrep, slik det er skildra er så pass begrensa at dette inn under § 4-1 pkt 10 og difor også er unnateke søknadsplikt etter plan- og bygningslova.

Vår vurdering er gitt utifrå innsendte dokumentasjon og skildring. Slik det er skildra er det ikkje naudsynt å søkje korkje om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova eller omdisponering etter jordlova.

Saka vert med dette avslutta her i kommunen, dette til orientering.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fredrik Rieber-Mohn Arnesen
Ina Holmedal Solheim

Hodnesdalsvegen 50
Hodnesdalsvegen 50

5915 Hjelmås
5915 Hjelmås